

HISTO
RIKAR
VERK
SEMDA

Kulturmiljødokumentasjon

Ytrebygdsvegen
gnr. 34 / bnr. 118 m.fl. – Bergen kommune

Innhald

Innleiing 3

Historikk 4

Kulturminner 4

Skildring av dagens bygnings- og kulturmiljø 7

Rivingsobjekt i planområdet – Ytrebygdsvegen 129 13

Bilder frå synfaring – fasadar og uteområde 14

Bilder frå synfaring – kjellar 20

Bilder frå synfaring – første etasje 23

Bilder frå synfaring – loft 27

Konsekvensar for eksisterande kulturmiljø 33

Litteratur og kjelder 36

Februar 2021/September 2023

PROSJEKT: Ytrebygdsvegen, gnr. 34/bnr. 118.

TILTAKSHAVAR: FM Gruppen AS

KONSULENT: En til en Arkitekter AS

UTARBEIDD AV: Historikarverksemda SA

SAKSBEHANDLAR: Silje Een de Amoriza, faghistorikar

KONTAKT: silje@historikarverksemda.no | +47 930 92 524

Innleiing

Historikarverksemda SA har utarbeidd føreliggande kulturmiljø- og rivedokumentasjon i samband med detaljregulering for prosjekt i Ytrebygdsvegen 34 / bnr. 118 m.fl. i Bergen kommune, på oppdrag frå FM Gruppen AS.

Planområdet ligg i tilknytning til Ytrebygdsvegen, vest for Skranevatnet. Det ligg i ytterkant av byfortettingssonen rundt Sandslimarka bybanestopp. Området omfattar gnr. 34 / bnr. 118, 157, 269 og 432, og utgjør omlag 5,7 daa.

I planområdet står eit eksisterande bustadhus med tilhøyrande uthus og garasje. Eksisterande bygg er eit enkelt saltaksbygg som ligg på eit platå i terrenget, ca. 6 meter høgare enn Ytrebygdsveien. Bygget er planlagt rive i samband utviklinga av det nye

prosjektet. Øvrige tomter er ikkje busett. Bakgrunn for planinitiativet er å legge til rette for bustadfortetting med gode bu- og miljøkvalitetar slik forslag til ny KPA legg til rette for.

Denne kulturminnerapporten dokumenterer historie og kulturminner i og i nærleiken av planområdet – gjennom tekst, bilder og kartmateriale. Rapporten er basert på aktuell litteratur og relevante kjelder – mellom anna tinglyst materiale, byggesaker, kart, teikningar, fotografi – i tillegg til observasjonar gjort under synfaring av planområdet. Synfaring av planområdet blei utført av faghistorikar Håvard Klyve Parr frå Historikarverksemda 8. mars 2021. Alle foto er tatt av Historikarverksemda under denne synfaringa med mindre anna er oppgitt i bildeteksten.



Historikk

Dagens planområdet hørte opphavelig til garden Dolvik, gnr. 34 / bnr. 3. Garden Dolvik låg heilt innst, på sørsida av Grimstadfjorden. Den grensa til Hammarsland i vest, til Liland, Øvre Birkeland, Skage og Håvardstun i sør, og til Søreide i aust. Gardane Søreide, Håvardstun og Dolvik kom saman i søraust ved Skranevatnet.

Alderen på garden er noko uviss, men størrelsen på garden, naturtilhøva og gardsgrensene tyder på at den blei rydda seinast i folkevandrinstida (ca. 400–570 evt.) På den tida var garden Hammarsland truleg også ein del av Dolvik. Namnet fekk garden truleg frå orda «dal» og «vik».


Frå bruk 3 blei det skild ut ei heil rekke tomter i perioden 1913–2006 – mellom anna dagens planområde. Også frå dei andre bruka på Dolvik blei det skilt ut mange tomter i perioden 1946–1989. Her er i det nærliggande området få spor igjen etter jordbruksaktivitet. Det ligg ingen eldre gardsbygg nær planområdet. Planområdet låg heilt ved den sørlege grensa av Dolvik,

mot gardane Skage og Håvardstun. I planområdet ligg det restar etter nokre eldre murar. Det er mogleg dette har vore murar som ein gong markerte grensa mellom desse gardane eller anna utmarksområde, men dette er usikkert.


Planområdet og det omkringliggende arealet rundt fortel i dag i stor grad historia om byutviding og bustadutvikling gjennom 1900-talet. Planområdet som ligg vest for Skranevatnet var del av det første området som blei bygd ut her i 1940–1960-åra.

Kulturminner

Det ligg ingen SEFRAK-registrerte bygg i området. Det er heller ingen andre kulturminner registrert i Askeladden i nærleiken eller registrert med vernebestemmelsar i PBL. Det er ingen eldre vegfar registrert i nærleiken av planområdet. Som nemnt over ligg det restar etter eldre steinmurar i området. Desse kan ha markert gardsgrense.




Kart over garden Dolvik frå 1910. Dagens planområde er omtrentleg markert. C viser til at planområdet låg på bruk 3, og som ein ser låg planområdet nær gardsgrensa. Kartet viser ingen eldre gardsbygningar nær planområdet



Kart over gardsgrenser. Planområdet låg opphøveleg like innafor den sørlege grensa av garden Dolvik. Kjelde: Bergenskart.no.



Kart over framleis eksisterande gardsbusetnad. Som ein ser er det ingen eldre gardsbusetnad i nærleiken av planområdet i dag. Kjelde: Bergenskart.no.



Samanstilling av historiske ortefoto (over) og dagens situasjon (under), henta frå stedsanalysen. Merk særskilt ortefoto frå 1970 som viser den tidlega utbygginga vest for Skranevatnet. Kjelde: Stedsanalyse En til en Arkitekter.



Det har vore vanskeleg å finne eit historisk bilede akkurat frå planområdet. Dette bildet viser busetnad lenger nord i Dolvik, fotografert i 1961. Her er nok mange likheitstrekk med utbygginga i og nær planområdet på same tid. Foto: Ubb billedsamlingen.


Skildring av dagens byg- nings- og kulturmiljø


Planområdet er såvidt skildra i «Kulturminnegrundlag Konsekvensutredning Ringvei Vest», Byantikvaren 1998. Her er planområdet skildra som ein del av eit større samanhengande villaområde som strekker seg frå Flyplassvegen i sør til Dolviken i nord, med utbygging frå 1948 og fram mot årtusenskiftet. Det større omkringliggande området er karakterisert av soneinndelt busetnad. Her er reine bustad- og næringsområder i all hovudsak strukturert etter landskapet. Busetnaden består av områder med einebustadar, rekkehus i tillegg til nokre blokker. Det er også bevarte grøntsonar mellom busetnaden. Sjå kartet under, henta frå stedsanalysen, der bustadsonane er markert med gult og næringssonane er i blått.

I planområdet og i umiddelbar nærleik er det framleis einebustadar frå 1950- og

1960-åra som dominerer. Området utgjør slik eit heilskapleg kulturmiljø som fortel om utviklingshistoria i området – frå jordbruksområde til busetnadsområde i andre halvdel av 1900-talet. Einebustadane som dominerer er 1–2 etasjers bustadhus med loft, med saltak og tilhøyrande hagar. I tillegg er her enkelte eldre bustadar i området, med ukjent byggeår (sjå rosa markering på kartet på side 8) og nokre få bustadar av nyare dato. Områda like ved planområdet er så langt lite prega av fortetting. Lenger sør for planområdet ligg Sandslimarka, som blei utbygd i 1980- og 1990-åra.

Planområdet er eit relativt kupert terreng/ kulle som i dag framstår som attgrodd med busker og trær. Her står berre ein einebustad med tilhøyrande uthus.





Nummerert kart viser byggedatoar for hus i og nær planområdet. Bustadhus og tilhøyrande garasje/uthus i planområdet er markert med sirkel. Gule markeringar viser bustadar bygd i perioden 1945–1980 og rosa markeringar viser bustadar bygd i perioden 1650–1944 registrert av Byantikvaren. Kjelde: Bergenskart.no.

1. Ytrebygdsvegen 129, einebustad i planområdet med garasjar og uthus. Einebustad bygd i 1954.
2. Ytrebygdsvegen 133, einebustad med verkstad og garasjar. Einebustad bygd ca. 1950.
3. Ytrebygdsvegen 135 med tilhøyrande garasjar/uthus. Einebustad bygd i 1955.
4. Ytrebygdsvegen 137 med tilhøyrande garasjar/uthus. Einebustad bygd i 1964.
5. Ytrebygdsvegen 193 A og B med tilhøyrande garasjar/uthus. Vertikaldelt tomannsbustad bygd i 2008.
6. Ytrebygdsvegen 141 med tilhøyrande garasjar/uthus. Einebustad bygd i 1958.
7. Ytrebygdsvegen 143 med tilhøyrande garasjar/uthus. Einebustad bygd i 1948.
8. Ytrebygdsvegen 145 med tilhøyrande garasjar/uthus. Einebustad bygd i 1962.
9. Ytrebygdsvegen 146 med tilhøyrande garasjar/uthus. Einebustad bygd i 1949.
10. Ytrebygdsvegen 144 med tilhøyrande garasjar/uthus. Einebustad bygd i 1957.
11. Ytrebygdsvegen 142 med tilhøyrande garasjar/uthus. Einebustad bygd i 1958.
12. Ytrebygdsvegen 134 med tilhøyrande garasjar/uthus. Einebustad bygd i 1956.
13. Ytrebygdsvegen 130 med tilhøyrande garasjar/uthus. Einebustad bygd i 1956.
14. Skraneskogen 2 med tilhøyrande garasjar/uthus. Einebustad bygd i 1975.
15. Skranevegen 5 med tilhøyrande garasjar/uthus. Einebustad bygd i 1958.
16. Skranevegen 4 med tilhøyrande garasjar/uthus. Einebustad bygd i 1979.
17. Skranevegen 3 og 1b med tilhøyrande garasjar/uthus. Vertikaldelt tomannsbustad, ukjent byggeår.
18. Skranevegen 1c, småhus med fleire bueningar, bygd i 1991.
19. Skraneskogen 4 med tilhøyrande garasjar/uthus. Einebustad bygd i 1954.
20. Skraneskogen 8, einebustad med ukjent byggeår.
21. Skraneskogen 1 med tilhøyrande garasjar/uthus. Einebustad bygd i 1957.
22. Skraneskogen 3 med tilhøyrande garasjar/uthus. Ukjent byggeår.
23. Ytrebygdsvegen 132 med tilhøyrande garasjar/uthus. Einebustad bygd i 1955.
24. Skraneskogen 5 med tilhøyrande garasjar/uthus. Einebustad bygd i 1970.
25. Ytrebygdsvegen 136 med tilhøyrande garasjar/uthus. Einebustad bygd i 1954.
26. Ytrebygdsvegen 138 med tilhøyrande garasjar/uthus. Einebustad bygd i 1950.
27. Ytrebygdsvegen 142 b og c. Vertikaldelt tomannsbustad bygd i 2017.
28. Ytrebygdsvegen med tilhøyrande garasjar/uthus. Ukjent byggeår.



Områdefoto. Einebustaden i planområdet markert med sirkel. Bildet er tatt frå nord langs Ytrebygdsvegen. Planområdet framstår i dag som attgrodd.



Områdefoto, bildet er tatt frå nord langs Ytrebygdsveien. Planområdet på høgre side. Til venstre og midt i bildet ser ein andre bustadar i området.



Områdefoto, bildet er tatt frå nord i krysset Ytrebygdsveien/Fylkesveg 556. Planområdet i midten. Til høgre i bildet ser ein delar av eit større grøntområde som ligg vest for planområdet.



Områdefoto, planområdet sett frå Ytrebygdsvegen. Bildet er tatt frå aust.



Områdefoto, bilde tatt frå planområdet. I forgrunnen ser ein einebustaden i planområdet, og deretter omkringliggende busetnad i aust og søraust.



Områdefoto, bilde tatt frå planområdet. I forgrunnen ser ein einebustaden i planområdet, og deretter omkringliggende busetnad i aust.



Områdefoto, tatt frå sør langs Ytrebygdsvegen. Planområdet ligg til venstre i bildet kor ein kan skimte ein bustaden. Til høgre ser ein nærliggande busetnad. Foto: Google maps.



Områdefoto, tatt endå lenger sør langs Ytrebygdsvegen. Nærliggande bustadar i området. Foto: Google maps.


Rivingsobjekt i planområdet – Ytrebygdsvegen 129

Bustadhuset i planområdet blei i følge informasjon i Bergenskart.no bygd i 1954. Utover dette finst det ikkje kjeldemateriale i Byggesaksarkivet som kan gje meir informasjon om bustaden. Den vidare skildringa er difor gjort med utgangspunkt i observasjonar gjort under synfaring.

Bustadhuset i planområdet er eit lite og nøkternt bygg med ein etasje, loft og kjellar. Det representerer den etterkrigsfunksjonalistiske stilretninga, karakterisert av nøktern utsjånad og definerte, frittliggande bygningskroppar med saltak. Trehusa frå denne perioden hadde klare trekk frå norsk byggeskikk – i forenkla versjon.

Bustadhuset har høg kjellar i murt betong, som delvis er bygd inn i terrenget (mot vest) på den kuperte tomte. Huset har ein enkel bygningskropp med saltak med bratt takvinkel, tekt med teglstein. Mot vest er eit tilbygg, også med saltak. Huset har liggande kledning og har truleg opphaveleg hatt tofags vindauger. Alle originale vindauger, utanom loftsvindauge i tilbygg, er skifta ut. Det er uvvist når, men truleg i perioden 1970–1990. Bustaden har også veranda mot sør og vest, denne er bygd på i seinare tid. Det er synlege lekkasje- og fuktskadar på loft og i kjellar.

I planområdet er det også fire uthus, sjå kartet over. Det er mogleg at garasjen blei sett opp samstundes som bustadhuset, dei andre er av nyare dato. I planområdet elles er det fleire spor etter murar – både steinmurar og i betong. Det er usikkert kva desse har vore til. Som nevnt kan nokre av dei ha vore relatert til tidlegare jordbruksaktivitet i området, men dette er uvisst.



Bilder frå synfaring – fasadar og uteområde



Innkøyrslle til bustadhuset, frå Ytrebygdsvegen. Garasjen i forgrunnen.



Innkøyrslle til bustadhuset, frå Ytrebygdsvegen. Bildet viser det kupertre terrenget i planområdet.



Bustadhus, fasade mot nord. Alle vindauge er skifta ut etter at huset blei bygd i 1954.



Bustadhus, fasade mot aust, ned mot Ytrebygdsvegen.



Bustadhus, fasade mot vest og sør. Bildet er tatt lenger vest i planområdet.



Bustadhus, fasade mot vest med tilbygget. Vindauga i loftsdelen av tilbygget er truleg det einaste originale som er igjen i dag.



Bustadhus, fasade mot sør og delar av det ubebygde planområdet i forgrunnen.



Bustadhus, fasade mot sør med veranda bygd på i seinare tid.



Detalj veranda og hage. Legg merke til murar midt i bildet.



Detalj veranda og hage mot aust.



Uthus i planområdet. Dette ser ut til å vera av nyare dato enn bustadhuset, uvisst bruksområde.



Garsje ved innkøyrse ved Ytrebygdsvegen.



Uthus i planområdet. Dette ser ut til å vera av nyare dato enn bustadhuset, uvisst bruksområde. Legg merke til trapp og mur i forkant – uvisst kva dette har vore til, men ser ut til å vera eldre enn uthuset som står der i dag.



Uthus i planområdet. Dette ser ut til å vera av nyare dato enn bustadhuset, uvisst bruksområde.



Uthus i planområdet. Dette ser ut til å vera av nyare dato enn bustadhuset, uvisst bruksområde.



Drivhus og bustadfasade mot sør.




Eldre murar i planområdet.



Eldre murar i planområdet.

Bilder frå synfaring – kjellar



V



Kjellar, hovudinngang frå nord.



Rom 1



Rom 1. Opning i mur inn til krypkjellar.



Krypkjellar, bilde tatt mot sørvest. I krypkjellar ser ein synlege fuktproblem, grunna av at muren ligg heilt inn i terrenget opp mot vest. Det ser ikkje ut til å ha blitt gjennomført drenering for å bøte på problemet. Merk også fuktskadar opp i golvet på dette bildet.



Krypkjellar, bilde tatt mot nordvest. Merk fuktmerker i muren her.



Rom 2




Rom 2



Rom 2. Fukt i golv.

Bilder frå synfaring – første etasje



Første etasje, vindfang og gang. Til høyre trapp opp til loft.



Rom mot sørvest.



Rom mot sørvest.



Gang inn mot stov 2



Bod i gang inn mot stov 2



Stove 2



Stove 2, med opning inn mot stove 1



Stove 2



Stove 1, med opning inn mot kjøkken.



Kjøkken



Kjøkken med opning inn mot stove 1.

Bilder frå synfaring – loft



V



Trapp opp til loft.



*Delar av gang like etter trapp, med inngang til rom 1 og 2.
Bildet er tatt frå rom 2.*



Rom 1



Rom 1



Rom 1, innebygd skåp.



Gang 2 med krypdør inn til tilbygg/vindfang.



Loft på tilbygg/vindfang.



Gang 3, og inn til rom 3.



Rom 3.



Rom 3.



Rom 2, fukt frå tak/takvindaug.




Rom 2, fukt frå tak/takvindaug.



Rom 2



Rom 3 og 4.



Rom 4.



Rom 4.

Konsekvensar for eksisterande kulturmiljø

Kort oppsummert så ligg planområdet i randsona av eit større samanhengande villaområde som strekker seg frå Flyplassvegen i sør til Dolviken i nord, med utbygging frå 1948 og fram mot årtusenskiftet. Det større omkringliggende området er karakterisert av soneinndelt busetnad. I planområdet og i umiddelbar nærleik er det einebustadar frå 1950- og 1960-åra som dominerer. Området utgjer slik eit heilskapleg kulturmiljø som fortel om utviklingshistoria – frå jordbruksområde til busetnadsområde i andre halvdel av 1900-talet. Einebustadane som dominerer er 1–2 etasjers bustadhus med loft, med saltak og tilhøyrande hagar.

Områda like ved planområdet er så langt lite prega av fortetting. Planområdet er eit relativt kupert terreng/kolle som i dag framstår som attgrodd med busker og trær. Her står ein einebustad med tilhøyrande uthus. For å kunne gjennomføre det planlagte prosjektet er einebustaden planlagt ri-

ven. Einebustaden framstår som nøktern i etterkrigsmodernistisk stil, og har i seg sjølv ingen særskilte arkitektoniske verdier.

Intensjonen med det nye prosjektet er bustadfortetting igjennom etablering av totalt 30–35 bueiningar, fordelt på 1 leilighetsbygg og 3 bygg med rekkehuseiningar.

Det planlagte prosjektet representerer i seg sjølv eit brot med eksisterande kulturmiljø, og særskilt då med introduksjonen av blokkbusetnad i området. For å avdempe verknaden av det nye prosjektet er difor den tyngste og høgste delen av busetnaden lagt i nord på den lågaste delen av tomta. Dette gir ein volumdempende effekt i forhold til omgjevnadane. Busetnaden planforslaget legg til rette for er også sett saman av mindre bygningsvolum, og skråtak som speglar småhusbusetnaden i området. Busetnaden i sør har fått ein lettare og meir rural karakter, meint som ein gradvis overgang til den eksisterande småhusbusetnaden.



Fugleperspektiv av revidert plangrep - Sett fra sør



Fugleperspektiv - sett fra nord



Perspektiv tatt fra nord mot sør -



Fugleperspektiv tatt fra sørøst



Perspektiv fra naturområdet/kollen, ser mot bebyggelsen i øst



Perspektiv sett fra øst

Litteratur og kjelder

Gunnarsjaa, Arne. 1999. *Arkitekturleksikon*.
Abstrakt forlag, Oslo.

Larsen, Jacob T. 2002. Gards- og ættesoge.
Bind 4 Fana bygdebok. Fana bygdebok-
nemnd, Bergen.

Seeiendom.no

Nord- og Midthordaland jordskifteretts
kartarkiv.

Store norske leksikon – snl.no

Universitetsbibliotekets billedsamling i
Bergen – marcus.uib.no

Norgebilder.no

Bergenskart.no